

# Utfordringar og moglegheiter i Vinje

Utfordringsnotat for kommunal planstrategi 2024-2027



# Innhald

Innleiing.....	3
Folketalutvikling .....	3
Vinje – ein god stad å vera for alle .....	4
Inkluderande og engasjerande samfunn .....	4
Spreidd utbyggingsstruktur er både ei styrke og ulempe.....	5
Helse og meistring.....	6
Skule og oppvekst.....	7
Næringsliv og arbeidsplassar .....	8
Klima, klimatilpassing og tryggleik.....	9
Vinje – med naturen som berekraftig ressurs .....	10
Motstridande interesser i utmarka .....	10
Turisme fører til auka verdiskaping .....	11
Naturen legg grunnlag for produkt og kultur .....	12
Kraftproduksjon.....	12
Vinje – kompetansekommunen.....	13
Større krav til kompetanse aukar utfordringar med rekruttering .....	13
Kompetanse i næringslivet og arbeidsmarknaden i Vest-Telemark.....	13
Samarbeid med andre .....	14

## **Innleiing**

Dette dokumentet er eit utfordringsnotat for kommunal planstrategi 2024-27, og byggjer m.a. på dokumentet Tal om Vinje, som inneheld statistikk om kommunen. Utfordringsnotatet syner dei største utfordringane i Vinje kommune, og er eit utfyllande notat til samfunnsdelen og planstrategien som syner kva grep samfunnsdelen har på utfordringane og relevante planar og forskrifter i planstrategien.

I tråd med planstrategien 2020-2023 vedteke i kommunestyret 17.11.22, sak 93/22 vart samfunnsdelen rullert og vedteke i kommunestyret 01.06.23, i sak 54/23. Dette var ei mindre rulling der hovudføremålet var å ta inn dei mest relevante berekraftmåla til FN, samt oppdatere samfunnsplanen i samsvar med andre nyleg vedtekte kommunale planar – t.d. klimaplanen. Tema som klima, klimatilpassing og berekraftig arealforvaltning vart integrert i samfunnsdelen i tråd med nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging.

## **Folketalsutvikling**

Folketalet er relativt stabilt, men talet på eldre gjeng opp. Dei siste åra har det vore noko innanlands fråflytting, særleg til Oslo, Skien og Tokke. Innvandring har heldt folketalet oppe, og det er i 2022 ca. 13,5 % innvandrarak eller born av to innvandrarak i Vinje. Statistisk sentralbyrå spår at folketalet framleis vil stige litt, men at det snart kjem ei utflating og så ein gradvis nedgang i folketalet. Dette er basert på framskriving av tal på fødslar og dødsfall, samt gjennomsnittleg til- og fråflytting til kommunen. Framskrivningane tek ikkje høgde for større samfunnshendingar som pandemi og krig, som har stor påverknad på netto innflytting. I åra 2020-2022 har innbyggjartalet auka relativt mykje. Fødselsoverskotet har vore relativt stabilt dei siste åra, men framskrivingar til 2050 viser at Vinje kommune vil få ein større del av befolkninga som er pensjonistar enn det som vil vera landsgjennomsnittet. Frå midten av dette tiåret vil dei store barnekulla frå like etter andre verdskrig bli 80 år.

Folketalsutviklinga endrar vilkåra og behovet for alle offentlege tenester.

# Vinje – ein god stad å vera for alle

## **Inkluderande og engasjerande samfunn**

Vinje kommune skal vera ein triveleg kommune å vera i. For å få til dette må det vera nok folk som gjer det mogleg å halde oppe kvaliteten på både offentlege og private tilbod og aktivitetar. Derfor er folketalsutvikling viktig, men det er òg viktig med engasjerte innbyggjarar, helsefremjande lokalmiljø og nøgde besøkande.

Talet på innbyggjarar har vore relativt stabilt dei siste åra, men talet på hytter og besøkande gjer at det totale talet på folk i Vinje i periodar er høgare. Dette gjer at handel og tenestetilbodet i Vinje er høgare enn folketalet skulle tilseie.

Fritidstilbodet i Vinje er relativt godt samanlikna med folketalet. Både kommunale tilbod og frivillige organisasjonar bidreg til eit relativt breitt fritidstilbod, med ulike idrettar, organiserte treningar, kino, teater og konsertar. Likevel opplever ein ofte at det kjem færre enn ynskja på dei arrangementa som er. Det er og rom for forbetring; det har særleg vore etterspørsel av lengre opningstider i høve treningsrom, og endå større variasjon i fritidstilbod. Det er viktig med engasjerte personar og dugnadsånd for å auke fritidstilbodet i kommunen.

Attraktive møteplassar er viktig. Ungdomen etterspør ein møtestad å møte andre på same alder. Dette kjem fram både av Ungdatarapporten, og blei stadfesta under medverknadsmøte ved rullering av kommuneplanens samfunnsdel i 2022. Spar blir teke fram som staden dei møtest i Haukeli, Åmot og Rauland. Ein kafé eller pub som er open om kveldane er også ofte etterspurt frå folk i alle aldrar.

Flyktningsituasjonen på grunn av krig gjer at også Vinje kommune vil koma til å busette fleire innvandrarakar. Klimakrisa gjer at fleire plassar i verda blir ubebueleg, og ein må ta høgde for ei auke av klimaflyktingar framover. Flyktingar må inkluderast og involverast i samfunnet.

Vinje satsar stort på å få fleire til å flytte til Vinje, og til å bli verande. Målet er å auke innbyggjartalet med 200 personar på 6 år innan 2028. «Vinjenaturlegvis» er ein nettstad for potensielle tilflyttarakar som inneheld informasjon om jobb, næringsutvikling, bustad, fritid og oppvekst. Vidare er det tilsett ein «Vinjelos» som skal arbeide for å auke folketalet i kommunen, og samstundes vera med å bidra til at dei som bur i Vinje trivst.

## Grep i samfunnsdelen

Samfunnsdelen har eit mål om eit inkluderande og engasjerande samfunn i 2035. Engasjement, samarbeid, attraktive møteplassar og at det kulturelle tilbodet blir oppfatta som tilgjengeleg. Samfunnsdelen tek òg opp at dei som flyt til kommunen, både som innvandrarakar og innflyttarakar, må bli teke godt i mot. Kommunen si rolle er å rettleie innbyggjarane, vera brukarvenleg og sikre medverknad i tenesteutvikling og planlegging.

## Relevante planar

- Kommunedelplanane for Åmot, Rauland og Haukeli/Edland regulerer inn areal for sentrumsføremål, der kafear og møteplassar er ein del av dette.
- Ruspolitisk handlingsplan, skal sikre heilskapleg handlingar knytt til alle typar rus. Alkoholpolitisk handlingsplan blir ein del av denne planen.

- Alkoholpolitiske retningslinjer
- Plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv
- Kommunedelplan for kultur
- Kunstnarisk utsmykking av offentlege uterom
- Rammeplan for kulturskulen
- Rammeplan for den kulturelle skulesekken, den kulturelle spaserstokken og den kulturelle barnehagesekken
- Utsmykking av kommunale bygg
- Handlingsplan mot vald i nære relasjonar
- Verksemdplan SLT (Samordning av lokale rus- og kriminalitetsførebyggjande tiltak)

### **Spreidd utbyggingsstruktur er både ei styrke og ulempe**

Einebustader er den dominerande bustadmassen i Vinje. 96 % av bustadene i kommunen var einebustader i 2023, og 91 % av innbyggjarane bur i einebustadar. Dette gjer at folk som etterspør andre typar bustader, til dømes på grunn av pris, livssituasjon eller helsetilstand, ikkje finn den buforma som er etterspurd. På den måten blir bustadtilbodet i dag eit hinder i å ha eit inkluderande og mangfaldig samfunn.

Åmot, Haukeli/Edland og Rauland er sentera i Vinje. Til tross for ei gradvis auke i andel bustadar i tettbygde strøk er dei fleste i Vinje (ca. 2/3) spreitt busette, og dette skil seg frå snittet i landet. På landsbasis bur majoriteten i tettstader, og sentraliseringa skjer både ved at folk flyt nærare sentrum i kommunane, i regionane, i fylka og mot dei største byane.

Vinje, med sitt spreidde busettingsmønster, kan tilby ein kvalitet til dei som ikkje ynskjer å bu sentralt. Samstundes så er det ei utfordring at våningshus og andre bustadhus blir ynskja nytta til fritidsbustad. Dette kan på den eine sida føre til meir aktivitet i grendene, men denne aktiviteten vil vera knytt til høgtider og ferier, og gjera tilgangen til ledige bustader dårlegare. Vinje er med i prosjektet "ljøs i gamle hus", der målsetjinga er at tomme og aude hus i Vinje skal bli sette i stand og få nytt liv.

Eit spreitt bustadmønster, treng ikkje vera i motstrid til gode og attraktive senter. Eit godt tilbod av handel og tenester på Rauland, i Haukeli og Åmot vil gje grunnlag for trivsel og livskvalitet, både for dei som bur innanfor senterområda og dei som bur i grendene rundt. Gode og trivelege senter vil også gjera Vinje meir attraktivt også for dei som etterspør noko meir urbane kvalitetar eller som vil bu i gangavstand til tilbod.

Auka bruk av heimekontor og meir digitalisering av arbeidsplassar gjer at folk kan busette seg urbant, og det kan vera aktuelt å etablere næringshagar der dei som har heimekontor kan samlast i opent kontorlandskap.

#### Grep i samfunnsdelen:

Samfunnsdelen har gjort utbyggingsstrukturen i Vinje tydlegare. Hovudprinsippet er at ein skal få høgast mogleg kvalitet på tenestene, nærast mogleg brukarane, innanfor samfunnsøkonomiske forsvarlege rammer. Derfor blir det lagt opp til ein senterstruktur der Åmot er definert som kommunesenter, medan Haukeli/Edland

og Rauland er lokalsenter. Dette inneber at det helsefaglege tyngdepunktet og kommuneadministrasjonen er lokalisert til Åmot, i tillegg til lokalsenterfunksjonar. Rauland og Haukeli/Edland skal ha ungdomsskular, kulturtilbod, desentraliserte helsetenester, omsorgsbustader og hovudtyngda av nye handel- og tenestetilbod. Busetnaden i grendene er ein viktig satsing i Vinje og er sikra mellom anna ved at arealdelen opnar for spreidd bustadbygging.

Presiseringa av senterstrukturen er ikkje meint som eit hinder for grendene, men er meint å styrke sentera i kommunen. Dersom det blir lagt til rette for store handelsetableringar utanfor sentrumsområda, vil det føre til mindre handel og aktivitet i sentrum. Daglegvarebutikkar og arbeidsplassar i grendene, som til dømes i matbutikken i Øyfjell eller Mjonøy, er ikkje i strid med dette prinsippet.

#### Relevante planar:

- Bustadpolitisk plan
- Bustadsosial handlingsplan
- KDP helse og meistring
- Arealplanar, både kommuneplan, kommunedelplan og detaljreguleringsplanar

### **Helse og meistring**

Helsepolitiske føringar stiller nye og større krav til kommunane i høve til effektivitet, kvalitet, betre brukartilpassing og styrka samhandling mellom tenester.

Gjennom fleire reformar har kommunen fått ansvar for fleire oppgåver og brukargrupper. Endringane i demografi dei neste tiåra med fleire eldre og færre i yrkesaktiv alder krev innsats på fleire område.

Når talet på personar med behov for helse- og omsorgstenester aukar, krev dette større personalressursar. Redusert tilgang på arbeidskraft, krev fokus på organisering, tilpassing og tenesteutvikling. Det er ei nasjonal forventning om at kommunen skal satse på førebygging og tidleg innsats for å førebygge og redusere framtidige tenestebehov. Sentrale grep i dette er utvikling av fleksibel bygningsmasse, digitalisering og velferdsteknologi, heiltidskultur og førebyggjande arbeid.

Stortingsmeldinga «Bu trygt heime» peikar på auka innsats for eit meir aldersvennleg samfunn prega av openheit, tryggleik og fellesskap. Pårørandestøtte er del av dette. Målet er å bidra til at eldre kan bu heime lenger og å utsette behovet for pleie og omsorgstenester. Uansett tiltak, vil tenesteområdet stå overfor store utfordringar dei neste tiåra. Kontinuerleg fokus på organisasjons- og tenesteutvikling vil vera sentralt.

«Den heilskaplege innsatstrappa» skal vera ein felles modell for dei kommunale tenestene i Vinje. Trinna indikerer inngripen i folk sitt liv – dess høgare opp i trappa, dess større kommunal inngripen. Føremålet er å styre aktivitet og omfordele økonomi frå dei høgaste trinna i trappa til meir eigenmeistring og førebyggjande tiltak på dei nedste trinna. Slik kan vi nå visjonen om at kommunen må jobbe smartare for å møte dei auka behova med den aukande delen eldre innbyggjarar. Fokus skal vera større på førebygging, slik at det vert mindre behov for reparasjon.

### Grep i samfunnsdelen

Samfunnsdelen har eit eige mål som seier at flest mogleg skal kunne bu heime så lenge som mogleg. Under dette målet er det strategiar som skal bidra til at kommunen kan halde oppe eit godt tilbod i ei tid der det vil vera vekst i helse og omsorgstenestene. Dette inneber mellom anna at mykje fokus må rettast mot førebygging og eigenmestring. Planen opnar også for at ein skal kunne gjere endringar i organisering, dimensjonering og bruken av teknologiske løysingar i løpet av dei neste 15 åra. Større involvering av frivillige skapar også meningsfull aktivitet både for dei som er frivillige og dei som yter frivillige tenester.

Samfunnsdelen opnar også for å leggje til rette for fleire varierte og tilpassa aldersvenlege bustader sentralt. Omgrepet aldersvenleg skal gjelde alle aldrar, gamle som unge. På den måten vil eldre og unge kunne busettast i gå-, sykle- og rullatoravstand til dagleg handel, møteplassar og helsetilbod.

### Relevante planar

- KDP for helse og meistring
- Bustadpolitisk plan
- Bustadsosial handlingsplan

### **Skule og oppvekst**

Fordelinga av folkeveksten i Vinje påverkar framskrivingane i skulen. Ut frå folketalet i grunnkretsane, og særleg aldersgruppene som er i skule- og barnehagealder ser ein at elevtalet på skulane i Rauland og Øyfjell er venta å vekse, medan elevtalet i Åmot og Edland er nokså stabilt.

I resultatet av Ungdata 2021 kjem det fram at ungdom i stor grad trivst på skulen, og at dei har mindre psykiske plager og er mindre plaga av einsemd enn i resten av landet. Færre av ungdomane frå Vinje trur dei vil ta høgare utdanning. Dette er vesentleg lågare enn resten av landet.

### Grep i samfunnsdelen

Samfunnsdelen opnar ikkje for ein endring i skulestrukturen, men seier at ungdomsskular skal liggje i lokalsentera. Lokalsentera er definert som Rauland, Haukeli og Åmot. Lokalitet til barnehagar og barneskular er fleksibel, og må plasserast etter der det er behov.

Samfunnsdelen har ein strategi som seier at det skal samarbeidast om tidleg innsats for å fremje helse, førebyggje psykiske lidningar, vald og rusmisbruk og bistå barn, unge og foreldre med særlege utfordringar og hjelpebehov. I denne strategien det svært mykje førebyggjande arbeid, som vil skal bidra til å auke motivasjonen til skulegang og hindre at den sosiale bakgrunnen blir avgjerande for kva moglegheiter eleven har i livet. Det skal også leggjast til rette for at alle fullfører grunnskulen og held fram med vidaregåande utdanning. Det er viktig å arbeide for å motverke utanforskap i Vinje.

### Relevante planar

- Barnehageplan

- Sektorplanar for skulane
- Språkplanen for barnehagar og skular
- Rammeplan for den kulturelle skulesekken, den kulturelle spaserstokken og den kulturelle barnehagesekken
- Rammeplan for kulturskulen

## **Næringsliv og arbeidsplassar**

Arbeidsplassar er viktig for at folk skal både koma og bli buande i Vinje. Variasjon i arbeidsplassar gjev ein variasjon i innbyggjarar. Praktisk arbeid som helse- og sosial, byggjeverksemd og landbruk har tradisjonelt hatt relativt høg sysselsetting, og er framleis viktige sektorar i Vinje. Industri og olje er også ein sektor der mange vinbyggjar er sysselsette. Samstundes har turismen opna for nye næringsvegar og moglegheiter, som handel og tenester.

Tiltak som vart innført under pandemien opna opp for meir bruk av heimekontor på arbeidsplassar der det er mogleg, også arbeidsplassar med lang pendlarveg. Det har ført til at folk kan flytte heim, samstundes som dei kan halde på arbeidsplassen sin i sentrale strøk. Næringshagar med ope kontorlandskap kan vera med å sikre kjensla av eit kontorfellesskap.

Privat sysselsetting har mellom 2008 og 2023 variert mellom ca. 59-64 %, og er i 2023 på det nest lågaste nivået i denne perioden (etter 2020), med 58,9 %. I Vinje er 72,8 % av arbeidsstyrken sysselsett. Dette er høgare enn landssnittet, og høgast av alle kommunane i Vestfold og Telemark. Dersom talet på eldre aukar, vil delen av sysselsette tilsvarande gå ned.

### Grep i samfunnsdelen

Hovudsatsingsområda «med naturen som ressurs» og «kompetansekommunen» er delvis retta mot næringsverksemd. Med «naturen som ressurs» blir det lagt opp til at turisme, landbruk og andre naturretta næringar skal vera eit satsingsområde, samstundes som verneområda, naturmangfald, økosystemtenester og villrein skal takast omsyn til. «Kompetansekommunen» peikar på behovet og ønsket om å leggje til rette for kompetansesarbeidsplassar, mellom anna ved å leggje til rette for samlokalisering.

Samfunnsdelen har som mål at det skal vera enkelt å etablere og drive næringsverksemdar i kommunen. Det betyr at kommunen må kunne bistå nyetablerarar med informasjon og kvar ein eventuelt kan skaffe seg meir spissa informasjon. Kommunen må også gje tydelege informasjon om kva regelsett og prosessar ein må halde seg til, til dømes knytt til stønadsordningar, lokalisering og eventuelle reguleringskrav. Det er også lagt opp til at areal for handel, tenester og kontor bør lokaliserast til sentra, medan ny arealkrevjande næring/industri bør lokaliserast i nærleiken av hovudvegane.

### Relevante planar

- Næringsplanen
- Landbruksplan
- Beitebruksplan
- Arealplanar, både kommuneplanens arealdel, kommunedelplanar og detaljreguleringsplanar.



## **Klima, klimatilpassing og tryggleik**

Vinje skal vera ein klimatilpassa og robust kommune som er trygg å bu i. Det er ganske trygt å vera i Vinje; talet på meldte lovbrøt er vesentleg lågare enn i resten av Telemark og landet. ROS-analysen syner at Vinje ikkje er særleg utsett for naturhendingar. Samtidig er det viktig å vera klar for og tilpasse seg til endringar i klimaet som er venta i framtida. I Vinje er det frå klimaprofilen i Telemark forventet auka kraftig nedbør både i intensitet og hyppigheit som igjen vil føre til meir overvatn, fleire og større regnflaumar, samt jord-, flaum- og sørpeskred som følgje av auka nedbør.

### Grep i samfunnsdelen

Trygge lokalsamfunn skal sikrast med systematisk arbeid, både med beredskapsplanar, øvingar, risiko- og sårbarheitsanalyse og samarbeid med beredskapsaktørar. I tillegg skal arealplanar sikre trygge leveområde og skule- og fritidsvegar. Arealplanar og byggjesaker skal ta omsyn til risikoutsette område – både slik det er i dag, og med eit klimapåslag for framtidig risiko – samt ta omsyn til natur som er viktig for klimatilpassing. Klima og klimatilpassing vektleggast i samfunnsdelen.

### Relevante planar:

- Overordna risiko- og sårbarheitsanalyse
- Overordna beredskapsplan
- Plan for klima og berekraft
- Plan for helse-, sosial og smitteberedskap
- Hovudplan Veg
- Forskrift om politivedtekt for Vinje kommune
- Arealplanar, både kommunedelplan og detaljreguleringsplanar
- Verksemdsplan SLT (samordning av lokale rus- og kriminalitetsførebyggjande tiltak)

## Vinje – med naturen som berekraftig ressurs

Naturen er ein av Vinjes største ressursar, og bruken av naturen i Vinje har endra seg den siste tida. Det er eit stort naturmangfald i Vinje, og det er spesielt viktig å sikre og ta omsyn til karbonrike areal og viktige økosystemtenester for klimatilpassing i arealplanlegging. Talet på gardsbruk i drift gjeng ned, dette fører også til ein nedgang i husdyr, særleg sau og geit, som igjen førar til meir attgroing grunna opphøyr av beitedyr. Samstundes har talet på fritidsbustader gått opp, særleg i Rauland og Vågsli som er dei to satsingsområda for hytteutbygging i kommunen. Vinje er den fjerde største hyttekommunen i Noreg, med heile 5 824 hytter i starten av 2023.

### **Motstridande interesser i utmarka**

Hytteutbygging har ført til at fleire brukar naturen som ein rekreasjonsarena. I hovudsak har det ført til auka bruk og etterspurnad av merka og opparbeidde turstiar og skiløyper.

Auka bruk av naturen som rekreasjonsarena er ikkje heilt konfliktlaus. Bruk av nærområda som turområde har i enkelte tilhøve ført til konflikt mellom hytteinteresser og innbyggjarane, spesielt beiteinteresser. Til dømes kan det bli utfordringar dersom viktige beiteområde også blir mykje nytta til turgåing, og bandtvang ikkje vert oppretthalde. Kommunen hadde eit prosjekt med utmarksoppsyn i perioden 2020-2022, og det vart ført tilsyn særleg i område der det er mange turistar, eller tidlegare har vore problem med laushund i høve sau på beite. Det vart meldt tre tilfelle av brot på bandtvang av 350 tilsyn med hundar. Det har og vore utfordring med slitasje av stiar og lite plass til parkering i samband med populære turmål. Innover Kråmvikvegen og til Bitdalsdammen er det meldt om bilar med høg fart og mykje trafikk i høve sanking som forstyrrar beite.

Enkelte grunneigarar kan også oppleve at behovet for turområde hindrar dei i å nytte eigedomen til utbygging eller andre føremål. Det er og auka konflikt knytt til turgåing i jaktterreng.

Talet på snøskuterar i Vinje har også auka, som både blir brukt til nyttekøyring og turkøyring, spesielt av ungdom i kommunen. Ved slutten av 2022 var det rundt 1100 registrerte snøskuterar i kommunen. Likevel har antal løyve til motorferdsel i utmark heldt seg på eit stabilt nivå dei siste åra.

Det kan òg vera konflikt mellom friluftinteresser og naturmangfald, til dømes i villreinens leveområde. Vinje kommune er ein nasjonalparkkommune, der intensjonen med nasjonalparken er å sikre Europas største villreinstamme. Stor ferdsel og trafikk i sårbare villreinområde har vist seg å ha negativ påverknad på villreinen. Løypenetta for sti, skiløyper og snøskuterløyper fører til ein viss kanalisering av ferdsla, men det vil framleis vera ferdsel ut over løypenetta.

### Grep i samfunnsdelen:

Samfunnsdelen har peika på at Vinje skal vera ein leiande turistkommune, og at me legg til rette for god tilkomst til friluftsområde, både i nærleiken av hytteområde og bustadfelt. Samstundes peikar samfunnsdelen på at landbruket skal ha ein allsidig produksjon, der beitedyr har ei viktig rolle. Dette er delvis motstridande. Derfor er det teke inn strategiar om at hytteutbygginga skal prioriterast til

kommunedelplanområde, og at i resten av kommunen skal ein leggje større vekt på andre interesser, som landbruk og grendeutvikling.

Avklart arealbruk, sti- og løypeplan, løypenett for fritidskøyning og retningslinjer for handsaming av søknader etter motorferdsellova vil vera med på å dempe dette konfliktnivået mellom dei ulike gruppene som nyttar utmarka. Omsynet til verneområda, naturmangfald, økosystemtenester, landbruk, villrein og jakt vektleggast i samfunnsdelen.

Relevante planar og forskrifter i planstrategien:

- Forskrift for løypenett for snøskuter til fritidskøyning
- Retningslinjer for handsaming av søknader etter motorferdsellova
- Landbruksplan
- Beitebruksplan
- Kommunedelplan for stiar og løyper
- Kartlegging og verdsetting av vinterfriluftsområde i Vinje
- Ulike arealplanar: Avklarar arealbruken i ulike område, som til dømes hytteområde og friluftsområde.

**Turisme fører til auka verdiskaping**

Turismen har vore viktig for verdiskapinga i Vinje. Den auka bruken av hytter har ført til auka byggjeverksemd, eit meir mangfaldig handel- og tenestetilbod, fleire skiløyper og vinteraktivitetar, og såleis fleire arbeidsplassar i kommunen. Auka turisme kan også gje høve for landbruket til å nå andre marknader, til dømes med vidareforedling og aktivitetstilbod.

Samstundes som turismen og talet på hytter aukar, dukkar nye problemstillingar opp. Til dømes kvar ein bør leggje til rette for handel og omsyn for kommunal infrastruktur i hytteområda. For å halde verdiskapinga oppe gjennom heile året, er det også viktig at hyttene og overnattingsstadene blir nytta året rundt. No er det fleire av dei private hyttene som blir leigd ut via Airbnb og andre kanalar.

Kulturminne med høg verdi, i form av bygningskultur, heilskaplege fortidsminne og gravhaugar, er også ein verdi som kan nyttast og utviklast knytt til turisme og formidling.

Grep i kommuneplanens samfunnsdel:

Samfunnsdelen peikar på at handel skal vera i lokalsentera. Det vil bety at det ikkje skal etablerast handel som fører til at handelen i lokalsentera blir svekka. Samfunnsdelen presiserer òg at hytteutbygging i kommunedelplanane skal ha god tilknytning til kommunal infrastruktur.

Relevante planar og forskrifter:

- Næringsplan
- Kommuneplanens arealdel (KPA) og dei fem arealretta kommunedelplanane (KDP). Dette er planar for sentrumsområda og satsingsområde som syner tilgang til sentrumsområda, handel, hytteområde, område for utleige, stiar og løypenett.
- Hovudplan for vatn og avløp

- Kulturmiljøplan (under arbeid)
- Reiselivsstrategi (under arbeid)

### **Naturen legg grunnlag for produkt og kultur**

Naturen gjev tilgang til eit mangfald av produksjonsmoglegheiter. Dette har mellom anna gjeve vilkår for produksjon av ulike mat- og landbruksprodukt, som ost- og kjøttproduksjon. Universitetet i Sørøst-Noreg, avdeling Rauland og Raulandsakademiet gjev formell opplæring innan kunst- og handverkstradisjonar. I tillegg har jakt alltid vore ein sterk kultur i Vinje.

#### Grep i kommuneplanens samfunnsdel:

Samfunnsdelen har eit mål om at det skal vera god kompetanse på lokal matproduksjon, turisme og natur/miljø i kommunen, og styrkje samarbeidet mellom ulike relevante aktørar, som næringa, andre kommunar og nettverk, og universitetet i Rauland.

#### Relevante planar og forskrifter:

- Næringsplan
- Landbruksplan
- Forskrift om adgang til jakt etter elg og hjort og rådyr

### **Kraftproduksjon**

Konsesjonskraftordninga betyr økonomisk stabilitet for kommunen. Kommunens verdi av konsesjonskraftordninga er differansen mellom det kommunen må betale for å få ut krafta (sjølvkost) og salsprisen med frådrag for nettkostnadane. I tillegg kjem inntekter frå konsesjonsavgifter, naturressursskatt og eigedomsskatt, og i enkelte høve næringsfond.

#### Grep i kommuneplanens samfunnsdel:

I samfunnsdelen står det at verdiane frå kraftproduksjonen framleis skal koma innbyggjarane til gode, samstundes som omsynet til naturmangfald vert ivareteke. Dette opnar for at kommunen både må ha kompetanse og kapasitet til å arbeide for å bevare dei ordningane vi har i dag, i tillegg til å optimalisere uttaket på kontraktane.

#### Relevante planar:

Kommunen har ingen konkret plan, utover kommuneplanens samfunnsdel. Ein plan er ikkje nødvendigvis det rette verkemiddelet for å sikre kraftinntektene. Forvaltning, forhandlingar, avtaler og arbeid opp mot andre mynde er viktigare.

## Vinje – kompetansekommunen

Kompetanse kan bli sett på som kombinasjonen av kunnskap, ferdigheiter og oppførsel som ein treng for å gjennomføre ei oppgåve. Det kan vera formell kompetanse (knytt til utdanning eller fagbrev) eller uformell kompetanse (sjøvlært). Begge delar er viktig.

I Vinje er det både formell og uformell kompetanse. Den formelle kompetansen i Vinje er kjenneteikna av at relativt mange sysselsette har fagprøve som høgaste utdanning (24,8 %). Samstundes er talet på innbyggjarar med minst 4 års høgare utdanning lågare enn landssnittet (6,2 % i Vinje mot 11,6 % på landsnivå). Ungdata-undersøkinga viste at under halvparten av barn og unge i Vinje trur dei vil ta høgare utdanning. Dette samsvarer med kva bransjar som sysselset flest: Helse, byggjeverksemd, tenester og varehandel, der fagbrev ofte er tilfredsstillande formell kompetanse.

### **Større krav til kompetanse aukar utfordringar med rekruttering**

Samstundes som kravet til kommunale tenester aukar, aukar også kravet til kompetanse blant tilsette. Dette gjeld for dei fleste einingane, men ikkje minst for helsesektoren. Kompetansenivået blant tilsette i kommunen påverkar både korleis tenestene blir utført og kva kapasitet kommunen har til å tilpasse seg ny krav eller løysingar. Å skaffe denne kompetansen er for enkelte einingar utfordrande, men det vert lagt til rette for etterutdanning, kursing og kompetanseheving.

Personar med høgare utdanning ofte blir buande meir sentralt, gjerne fordi arbeidsmarknaden der er meir variert (arbeid også til partnaren) og fordi fagmiljøet i små kommunar ofte er mindre. Det har derfor vore ein stor grad av gjennomstrøyming blant tilsette med høg formalkompetanse, til dømes legar.

### Grep i kommuneplanens samfunnsdel

Kommuneplanen har som mål at tilsette i kommunen skal ha rett og oppdatert kompetanse gjennom å leggje til rette for etter- og vidareutdanning, kursing, kompetanseheving, hospitering og lærlingplassar.

### Relevante planar

Kommunen har ein strategi for å rekruttere, utvikle og halde på kompetanse, og kompetanseutvikling er elles eit eige tema i dei personalpolitiske retningslinene, og blant dei enkelte einingane.

### **Kompetanse i næringslivet og arbeidsmarknaden i Vest-Telemark**

Ein balanse mellom ulike typar arbeidsplassar, både dei som krev høg formell kompetanse og dei som treng meir praktisk kompetanse, gjer eit samfunn meir attraktivt for busetnad. Forsking syner at dei områda som har høg tettleik av såkalla kompetansearbeidsplassar også har høgast folkevekst.

I Vinje er det fleire kompetansearbeidsplassar innan ulike sektorar: Universitetet i Sørøst-Noreg avd. Rauland, AiR, Vinje Industri og Qmatec er døme på bedrifter med kompetansearbeidsplassar, innanfor kvart sitt spesialfelt. Det blir arbeidd med

samløkalisering av arbeidsplassar i næringshagar, slik at dei ulike bedriftene i større grad kan dra fordelar av kvarandre.

Det som er godt for grannen er godt for Vinje – og omvendt. Vinje er del av ein arbeidsmarknad i Vest-Telemark. Vinbyggjar som ikkje arbeider i Vinje, pendlar i hovudsak til andre kommunar i fylket, av desse flest til Tokke, Seljord eller Kviteseid. Ganske mange pendlar også heilt ut av Telemark, som til Oslo og Kristiansand. Det er også ein innpendling frå dei andre kommunane i Telemark til Vinje, særleg frå Tokke.

Dette betyr at etablering av nye arbeidsplassar i Vest-Telemark, også vil koma Vinje til gode. Gode vegar og eit godt kollektivtilbod vil også føre til at ein kortare reiseavstand innanfor eit større geografisk område. Kommunar som er del av ein større arbeidsmarknad, gjev fleire jobbmoglegheiter og aukar også bustadattraktiviteten.

#### Grep i kommuneplanens samfunnsdel

Samfunnsdelen har mål om at Vinje skal vera ein aktuell kommune for lokalisering av kompetansearbeidsplassar, og styrke Vest-Telemark som region. Hovudstrategiane for å få til dette er tilrettelegging for samarbeid mellom ulike miljø og kommunar, arbeide for at nye funksjonar blir lokalisert i Vinje (mest aktuelt no er luftambulansen) eller til andre kommunar i Vest-Telemark. I tillegg vil arbeid for ny E-134 og høgfartsbane vera relevant. Det er og eit mål om å fortsette samarbeidet med dei andre aktørane i verdsarven.

#### Relevante planar

- Næringsplan
- Landbruksplan
- Strategi for å rekruttere, utvikle og halde på kompetanse

### **Samarbeid med andre**

Samarbeid med andre kommunar vil vera viktig både for å sikre god nok kompetanse knytt til dei ulike tenestene og i enkelte tilfelle for å unngå at tilsette kjem i lojalitetskonflikt med brukarane (til dømes i barnevernet). Vinje kommune er med i ei rekke samarbeid, som IKT-samarbeid, samarbeid om legevakt og akutthjelp med Tokke, jordmorberedskap, PPT, barnevern, krisesenter og brannvesen. Lista er ikkje uttømmende. Vinje kommune er ein av seks kommunar som tek del i Vest-Telemarkrådet, der ein samarbeider om å finne gode løysingar på felles utfordringar for kommunane.

Vinje kommune har ikkje berre nytte av å samarbeide med grannekommunane. Samarbeid med andre kommunar og nettverk der aktørane har dei same utfordringane kan vera nyttig. I dag er Vinje til dømes med i utmarkskommunanes samanslutning (USS), for å saman kunne fremje interessene og behova som desse kommunane har. Fjellnettverket er eit politisk nettverk for kommunar, regionråd og fylkeskommunar i Sør-Noreg, der medlemma arbeider saman for å sette viktige spørsmål for fjellbygdene på dagsorden for å skape livskraftige bygder. Samarbeid om E-134 er eit anna døme.

### Grep i samfunnsdelen

Samfunnsdelen har som mål å styrke Vest-Telemark som region, mellom anna ved å bidra i interkommunale samarbeid der dette er naudsynt og bidra i samarbeid med andre regionar, kommunar, organisasjonar og næringsaktørar.

### Relevante planar

Kommunen har ingen konkrete planar som dreier seg om samarbeid. Enkelte planar legg opp til meir konkret samarbeid innanfor sitt arbeidsfelt, som overordna beredskapsplan og kommunedelplan for helse og meistring. Samarbeid er også eit vilkår for å få på plass dei fleste tverrfaglege planane.